



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER


Dykkar ref.:

Vår ref.:
20/4330 - 3 / ANT


Dato:
22.07.2020

Uttale til søknad om dispensasjon på gbnr. 142/115 - Sætre

Austrheim kommune har fått søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til utlegging av ei mindre flytebyggje for 5 båtar på Sætre. Den vert lagt ut frå eksisterande steinkai. Området er i bebygd strøk og er ikkje urørt. Området der omsøkt tiltak er vert vist på diverse kart under:



Omsøkt område er omlag 700 meter nord for Mastrevikane



Situasjonsfoto over (båtar er i fortøyning)




Omsøkt flytebyggje er vist over (båtar vert samla)




Kart over området omkring



Fotokart over området omkring



Detalj over kommuneplankartet i Austrheim kommune



Oversikt over kommuneplanen sin arealdel

Austrheim kommune ser at med å samla båtane i området i ei flytebyggje vert arealinngrepet i sjøen mindre. Det vert tryggare for folk å kome til og frå båtane i all slags ver. Båtane vert og betre sikra mot store bølger. Tiltaket er ikkje til ulempe for friluftsliv, ålmenta, fiskeri eller for biologisk mangfald i området.

Austrheim kommune meiner også at det totale arealinngrepet i området vert redusert med dette tiltaket. Då vert flyteblåser, tauverk og ilar frå mange båtar i området fjerna. Det vil vera eit naturleg vilkår i denne saka. Totalinngrepet i sjøen og på land vert kraftig redusert. Flytebyggja skal og vera open for ålmenta. Området på land er **LNF-område**. Området i sjø er **Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone**

Austrheim kommune ber om at ein eventuell uttale frå dykk til dispensasjonsøknaden kjem inn i løpet av fire veker. Ta gjerne kontakt med underteikna om de har spørsmål i saka.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå bestemmelser til KPA - utlegging av flytebyggje - gbnr 140/115

Vedlegg:

14-114_D1_Situasjonsplan_Rev-01_142_40

14-114_E1_Flytebrygge_142_40

14-114_F1_Situasjonskart_Flyfoto_Flytebrygge_142_40

14-114_Q1_Arealinnspel_142_40

14-114_Brev_Dispensasjonssøknad vedr flytebrygge_i_Sætrebukta - Utgave ...

14-114_C1_Gjenpart_nabovarsel_142_40

14-114_C2_Kvitteringsliste_nabovarsel_142_40

Kopi til:

Bygg Prosjekt as

Fanatoftvegen 14 5072

BERGEN

P

Mottakere:

Fylkesmannen i Vestland
Vestland Fylkeskommune

Njøsavegen 2 6863
Agnes Mowinckels 5008
gate 5

LEIKANGER
BERGEN